

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Dykkar ref. 14/1199 – 14/4768, 14/4774
og 14/1337 – 14/6719, 14/8144.

Dato:
09.08.2014

Delingssak gbnr 16/12 Mjøs – søknad om deling- klage på vedtak.

Delingssaka er avslått ved å visa til Jordlova § 9 Bruk av dyrka og dyrkbar jord.

Vi ser ikkje at dette arealet eignar seg til jordbruksproduksjon. Det har aldri vore brukt aktivt til jordbruk eller til beiteområde, heller ikkje i forrige århundre då ein brukte utmarka meir aktivt enn no, mellom anna til sauebeiting. Arealet ligg ytst på Langøya, og er ikkje lett å koma til. Slik tilhøva er no for å driva lønsam og moderne jordbruksproduksjon på ein effektiv måte, er dette arealet heilt ubrukeleg til slikt føremål. Frådeling av dette arealet vil derfor på ingen måte svekka resten av hovudbruket 16/12 som jordbrukseigedom.

Vi meiner at kommunen må sjå på denne saka i ei slikt perspektiv, og ikkje vurderer alle areal som like verdfulle som framtidig jordbruksareal. Arealet ligg på ei lita halvøy til Langøy, og utgjer saman med gbnr 16/39 ei naturleg eining.


Vi har sett nærmare på den formelle dokumentasjonen som ligg føre i fm utskilling av 16/39 frå hovudbruket 16/12 Mjøs, tidleg på 60-talet, den gong i Hordabø herred. I dokumentet Skylddelingsforretning ligg det føre følgjande uttale frå Hordabø Jordstyre: «Den fråskilte tomten har svært lite verd jordbruksmessig sett. Hordabø jordstyre har difor ikkje noko å merka til frådelinga». Etter vår meining er det den same situasjonen no. Arealet er fortsatt ubrukeleg til jordbruksproduksjon.

Det vert hevda at arealet ikkje vil bli brukt i tråd med LNF-føremålet etter ei eventuell deling. Det er heilt klart at det ikkje vert brukt til Landbruk, verken før eller etter ei deling, og at bruken vil vera heilt uavhengig av kven som eig arealet.

Når det gjeld Natur- og Friluftslivføremålet, så meiner vi at det kan verta fullt ut tilgjengeleg til slikt føremål også etter ei deling. Det er ikkje noko i planane til dei som vil overta om å hindra dei som til dømes vil gå i land frå båt for å bruka området til naturoppleving og fritidsaktivitet. Ved at arealet vert vørdsla, t.d. ved å reinska opp i tett skog og rotvelter, vil det bli betre tilrettelagt for bruk til slikt formål og såleis vil det vera samfunnsgagnleg å omdisponera arealet og ikkje motsett slik det er beskrive i vedtaket.

Vi ber derfor Radøy kommune om å gjera om vedtaket, og å gjeva samtykke til deling slik det er søkt om.


Med venleg helsing




Asgeir Mjøs

Øvre Mjøs 63
5939 Sletta

e-post: amjoes@online.no



Brita Andersen



John Andersen

Tordenskjolds gate 29
5031 Bergen
e-post: john.andersen@nhh.no